

## **Universitetet – kva skal vi med det?**

### **Ope brev til Iselin Nybø og Torbjørn Røe Isaksen**

Igjen har vi ein diskusjon om organiseringa av universitetet. Igjen har vi eit initiativ frå politisk hald om eventuelt å gjere universiteta meir marknadstilpassa og nytteorienterte ut frå ein eindimensjonal definisjon av nytte.

Derfor er det igjen nødvendig å stille det enkle og avgjerande spørsmålet: universitetet – kva skal vi med det?

Kort sagt: kva er det universitetet kan, som er viktig, og som universitetet kan betre enn andre?

Eit nærliggjande svar er dette: fri grunnforskning, og på det grunnlag, undervisning, rådgiving og deltaking i offentleg ordskifte i ulike fora.

Men det er meir enn som så: eit fullverdig universitet består av eit mangfald av fag, frå naturvitskapar og samfunnsvitskapar av ulikt slag, til humaniora, psykologi, medisin og jus. I motsetnad til einfaglege forskingssentra og fåfaglege høgskular.

Det er viktig. For i eit moderne vitskapsbasert samfunn finst det ofte fleire faglege perspektiv på eitt og same problem. Derfor er det to ting ein student må lære: eit fag, ein 'modell', og at 'modellen' ikkje er realiteten. Dette er avgjerande for å forstå kva ein forstår, og ikkje forstår. Og det er avgjerande i det praktiske liv. Det trengst meir enn ein-faglege eller få-faglege innsikt for å takle utfordringane i eit komplisert moderne samfunn.

Endå eit poeng: Dei faglege tilsette ved eit fleirfaglege universitet driv med svært forskjellige ting. Somme er på lab, andre på feltarbeid, atter andre i bibliotek og arkiv, eller på forskingsfartøy i fjerne strøk. Dei gjer svært forskjellige ting, og dermed har dei ulike administrative og finansielle behov, og ulik tilgang på eksterne ressursar. Men eitt har dei felles, i alle fag: kvalitetssikring ved open disputas, der kandidatane blir konfronterte med motargument, og der mindre gode grunnar blir lagde til sides til fordel for betre grunnar.

Forskning er perspektivistisk og feilbarleg. Derfor har vi diskusjon om gode og mindre gode grunnar ut frå eigne faglege føresetnader, og også diskusjonar om desse føresetnadene. Men dermed er det også relevant å vurdere kva andre fag og faglege prosjekt har å seie om dei problema ein sjølv er ute etter å utforske.

Dette er det dei har til felles, ideelt sett, dei som er vitskapleg tilsette ved eit fleirfaglege universitet.

Kort sagt, dei institusjonelle rammene for ei slik sosialisering, i eit sjølvrefleksivt og sjølvkritisk akademisk miljø, finst nettopp i eit fleirfaglege universitet, som mogleggjer fri grunnforskning og open diskusjon om grenser og føresetnader for ulike fag og forskingsprosjekt.

Naturlegvis, her er det utfordringar på mange plan, og mange skjær i sjøen. Perfekt blir det aldri. Men når politikarane igjen vil ha debatt om organiseringa av universitetet, må dei forhalde seg til det grunnleggjande spørsmålet: Kva skal vi med eit universitet i eit komplisert

vitskapsbasert samfunn? Kva er det eit universitet kan, som er viktig i eit moderne samfunn, og som universitetet kan betre enn alle andre?

Er meir marknadsstilpassing og einfagleg definert nytte eit rimeleg svar på desse spørsmåla? Og særleg med tanke på eit land som vårt?

Så langt eg kan sjå, med mi erfaring frå norske og utanlandske universitet og med min faglege bakgrunn i vitskapsteori, må svaret vere Nei.

Derfor rettar eg dette spørsmålet til avtroppande og påtroppande statsråd, til Torbjørn Røe Isaksen og til Iselin Nybø: Dersom det er rett det eg her seier, om kva eit universitet kan og bør yte i eit moderne samfunn, kva er då argumenta for å omforme norske universitetet ut frå ein foretaksmodell?